

## Samarbeidsavtale mellom Meland kommune og Meland sokneråd.

Målsetjinga med avtalen er å sikre eit nært og godt samarbeid mellom kyrkje og kommune til beste for innbyggjarane i kommunen.

Kommunen og soknerådet må i fellesskap legge opp rutinar som ivaretek kommunen sine behov for planlegging og budsjettering, samstundes som fellesrådet får naudsynt tid til handsaming i sine organ. Tidleg i budsjettprosessen orienterer rådmann kyrkjeverje om prosess og føringar i arbeidet. Budsjetttrundskriv og liknande informasjon vert sendt kyrkjeverja til orientering. Kommunen orienterer også kyrkjeverja om andre saksutgreiingar som grip inn i kyrkja sitt ansvarsområde.

For å ivareta informasjon og samarbeid, har kommune og fellesrådet desse faste treffpunkta:

- Årleg orientering om kyrkjeleg arbeid til formannskapet. Saksgang: Kyrkjeverja sender soknerådet si årsmelding til kommunen, rådmannen set den på sakskartet som orienteringssak til kommunestyret. På det aktuelle formannskapsmøtet møter kyrkjeverje og leiar av soknerådet for å gje kort informasjon. Tidspunkt: i løpet av vårhalvåret.
- Samarbeidsmøter mellom kommunal og kyrkjeleg administrasjon og politikarar. Hovudtema: økonomi, budsjett, tenesteytingsavtalen, større prosjekt. Kyrkjeverja set opp saksliste og kallar inn i samarbeid med rådmannen. Møte ein gong i halvåret (mai/juni og november/desember). Deltakarar: ordførar, rådmann, kommunal representant i soknerådet, soknerådsleiar og kyrkjeverje.
- Rådmannen har jamnlege møte med tenesteleiarane (leiarmøte) i kommunen. Rådmannen inviterer kyrkjeverja når det skal takast opp saker som er aktuelle for kyrkja å halde seg orientert om eller å orientere om.

Dato: 27. juni 2014

  
Ingvild Hjeltnet  
Rådmann

  
Anne Sofie Nergård Uthaug  
kyrkjeverje